



## Leiknes skule

### Innspel til høyringsutkast alkoholpolitisk plan

Samarbeidsutvalet (SU) ved Leiknes skule tilrår planen slik det står i framlegget.

Argumenta vi ønskjer å trekke fram er som følgjer:

- Skuleplassen og området rundt hallen er ein møteplass for dei fleste elevar på skulen på ettermiddag og kveldar, i vekene og i helgene. Eit nytt naturleikeområde er under planlegging like ved hallen og her er det mellom anna planlagt inn ei sykkelbane for dei litt eldre elevane.
- Trafikktihøve er utfordrande i og rundt skulen. Ved større arrangement må ein ta i bruk skuleplassen for parkering.
- Skuleanlegget på Leiknes har mange bustadar som ligg heilt opp til skulen. Dette er eit omsyn ein må ta i denne saka.
- Røykelova gjeld på heile skuleområdet og dermed også uteområdet til hallen.

SU på Leiknes ønskjer at ein skal ha fokus på at skuleområdet skal vere eit trygt nærmiljøanlegg som fordrar leik, aktivitet og samhald for elevar og ungdomar. Her skal dei alltid vere velkomne.

Leiknes 20.10.2017

Samarbeidutvalet v/ Leiknes skule